

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NIyR) bind 7)

---

## **KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)**

### **EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.**

[**782**] N-21492 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 150, 156; 1988b: 22; 1988c: 48, 54, 60; 1990b: 18, 21, [35], Seim 1989: 336, NIyR VI: 140, omtala som A127, Christophersen 1998, 27).

Innskriфта står på eit spisst utforma eigarmerke av tre med mothakar for festeband e. l. Merket er 128 mm langt med eit tverrsnitt på 24 x 7,5 mm. Det vart funne i Folkebibliotekstomta 1974, felt FA i hovudfase 8, som kan daterast arkeologisk til tidsrommet frå ca. 1225 - 1275.

Runene er skorne med dobbelt snitt på ei av breisidene og er såleis tydelege og greie å lesa. Innskrifta fyller den breiaste delen av merket og er 48 mm lang. Runene er 21-25 mm høge. R. 2 (**r**) har open boge.

†R†††

**a r n i a**

*Árni á.* 'Arne eig'.

Dette er den vanlege eigarformularen på slike merke. Innskrifta har ingen merkeformer for tidfesting på runologisk grunnlag som strir mot den arkeologiske dateringa.